

# Referat

## Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

<b>Dato:</b>	Fredag 23.februar 2018 kl 10.00 -13.00
<b>Stad:</b>	Regionrådet Nordhordland
<b>Til stades:</b>	Tord Moltumyr(leiar og kommuneoverlege Meland), Ingebjørg Søreide(kommunalsjef omsorg Gulen), Peter Kubon(kommuneoverlege Austrheim), Ernst Horgen(kommuneoverlege Fedje), Harald Norheim(brukarutvalet HDS), Bente Orlen Westervik(brukarutvalet HB), Helga Ellingsen(rådgjevar Masfjorden), Åse Nordstrønen(klinikkdirektør HDS), Ingvild Sylta (vara for Liv Berit Haukås, HTV Lindås kommune), Anne Taule(klinikkdir. HB, vara for Anne Sissel Faugstad), Kristin Ruud Myking (ass.sektorleiar Osterøy, vara for Nina Kvamme), Geir Lien(rådgjevar HB), Kjerstin Fyllingen(adm.dir HDS), Gunn Glimsdal(SSE og HDS) og Anne Hildegunn Færøy(SSE)
<b>Ikkje møtt:</b>	Terese Folgerø(kommuneoverlege Lindås), , Eva Karin Skorpen(NSF), Frøydis Gullbrå(kommuneoverlege Modalen) Petter Thornam(fagdirektør HDS)
<b>Møteleiar:</b>	Tord Moltumyr
<b>Referent:</b>	Anne Hildegunn Færøy(SSE)

Nr	Saksliste
1/18	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> Innkalling og saksliste godkjent. Utvalet ber om at forkortingar ikkje vert nytta i sakslista.
2/18	<b>Godkjenning av referat fra møte i Samarbeidsutvalet 14. desember 2017</b> Referat gjennomgått og godkjent med merknad til sak 32/17, der utvalet ber om at innspel når det gjeld ROP-forløpet blir tatt med under konklusjonen i saka: «NAV er ein sentral og viktig aktør for denne pasientgruppa. Utvalet ber Helse Bergen vurdere å involvera dei i vidare arbeid.» Sekretær rettar referat og sender oppdatert versjon til partane saman med referat frå møte 23.februar.
3/18	<b>Prosjekt Langvarige og koordinerte tenester (LKT prosjektet)</b> Anne Kvalheim, prosjektleiar orienterte om status for prosjektet med særleg vekt på arbeidslinene det vert arbeidd etter for å i å innhenta kunnskap som skal leggjast til grunn for utarbeiding av eit felles rammeverk som i større grad enn i dag legg til rette for <u>helhetlige og koordinerte tenester</u> . Presentasjon som vart nytta i møtet er vedlagt i e-post. <b>Vedtak:</b> SU NH takkar for gjennomgangen og tar den til orientering.
4/18	<b>Oppfølging av Handlingsplan 2017-2018</b> Leiar viste til vedlagt saksgrunnlag og handlingsplan med statusmelding for dei ulike tiltaka i planen. Frå SSE si side vart det vist til at arbeidet med revisjon av tenesteavtale 4 og 8, samt Pandemiavtalen har tatt mykje tid og har vore krevjande. Statusmeldinga viser at det er sett i gang prosessar som må fylgjast opp. SSE har med bakgrunn i dette tilrådd at det ikkje blir planlagt for å ta inn fleire/nye tiltak i Handlingsplan for 2018. Utvalet støttar SSE si vurdering når det gjeld ressurstilgang og arbeidsmengde, men ser samtidig at det er behov for å starta prosess for gjennomgang av heile avtaleverket, sjå på samarbeidsstrukturen og korleis vi har lagt til rette for å kunne samarbeida på tvers av nivåa. (jf. sak a. under eventuelt) Det vart også vist til at det bør vurderast å ha meir lokale handlingsplanar i staden for ein felles.  Det er behov for å følgja opp tiltak for å styrka fastlegerolla, samt å sjå på tilgangen til og bruken av avtalespesialistar. Det vart m.a. vist til fastlegane og deira aukande kapasitetsproblem, samt at fleire oppgåver har blitt overført frå sjukehusa til fastlegene utan at dette er avtala. (jf. referat frå Medisinsk fagleg utval, 10.01.18) <b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for NH tar SSE sin status for arbeidet med handlingsplan for 2017-2018 til orientering.
5/18	<b>Tenesteavtale 4 - Skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp.</b> Leiar orienterte om arbeidsgruppas oppdrag og prosess når det gjeld revisjon av tenesteavtale 4 og vist m.a. til diskusjon om kven som kan leggja pasientar inn i ØHD - tilbodet og til innspel frå Lindås kommune om at det ikkje lenger er krav til samarbeidsavtale når det gjeld dette tilbodet. Innspelet frå Lindås blir mellom anna grunngeve med at føresetnadene for avtala er endra, og det vert vist at opphavleg føremål var samarbeid om etablering av eit nytt frivillig tilbod og at det vart sett som krav at avtale måtte på plass før tilskot til etablering og utprøving av tilbodet kom på plass. Lindås kommune viser til at det ikkje er krav til samarbeidsavtale etter at det kommunale ØHD-tilbodet vart lovpålagt i 2016. Lindås kommune er vertskommune for ØHD-tilbodet i Nordhordland og samarbeidskommunane har komme fram til

	<p>at Lindås kommune sine standpunkt i denne saka legg føringar for dei andre kommunane som er med i det interkommunale tilbodet.</p> <p>Samarbeidskommunane viser til at framlegg til ny revidert avtale er god, og vil presisera at dei er svært opptatt av at samarbeidet skal vere godt mellom kommunane og sjukehus når det gjeld dette tilbodet. Samtidig har kommunane måtta ta ei beslutning og komme fram til at dei vil tilrå kommunane i Nordhordland å slutta seg til Lindås kommune sine synspunkt i denne saka.</p> <p>Adm.dir HDS viste til avtalestrukturen og at denne forpliktar partane. Samarbeidsutvala var samde om at tenesteavtale 4 skulle gjennomgåast og reviderast. Sjølv om dei økonomiske rammene har endra seg kan ein ikkje sjå at dette inneber at ein ikkje skal ha ein slik avtale. Haraldsplass Diakonale sykehus(HDS) og Helse Bergen(HB) ber om å få referatført at dei held fast ved at tenesteavtale 4 er gjeldande, og at avtalen må seiast opp med 1 års oppseiingsfrist dersom kommunane ikkje vil ha slik avtale.</p> <p><b>Vedtak:</b> Kommunane sine representantar i Samarbeidsutvalet for Nordhordland held fast ved at tilbodet om øyeblikkelig døgnoophald er eit kommunalt tilbod der det ikkje er krav om samarbeidsavtale med spesialisthelsetenesta, og vil tilrå at kommunane i Nordhordland sluttar seg til Lindås kommune si skildring av tilbodet slik det er vedlagt i saka.</p> <p>Representantane frå Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale sykehus viser til at dei har slutta seg til revidert tenesteavtale 4. Dei ønskjer at denne avtalen skal leggst til grunn for samarbeidet om ØHD-tilbodet og held fast på at dersom kommunane ikkje vil ha slik avtale så må denne formelt sett seiast opp.</p>
6/18	<p><b>Tjenesteavtale 8</b></p> <p>Leiar viste til arbeidet med revisjon av tenesteavtale 8, med rutinar. Det er lagt fram dokumentasjon i saka som viser at arbeidsgruppa er samde om tenesteavtalen, men at det er usemje om punkt i tilhøyrande rutinar. Dette gjeld punkt 4.3; «Rutinar for samhandling ved utskrivning frå spesialisthelsetenesta», og særleg punkt som regulerer kven som skal ha ansvar for mor og barn fem første døgn etter fødsel.</p> <p>Begge partar har gjort greie for sine syn i saka, og tydeleggjort at det er usemje mellom partane. Arbeidsgruppa skal ha nytt møte den 27.2. for å vurdere vidare prosess i arbeidet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet tek saka til orientering</p>
7/18	<p><b>Revisjon av «avtale om samhandling ved pandemiske hendelser»</b></p> <p>Gunn Glimsdal orienterte om status for arbeidet med revisjon av «pandemiavtalen», og viste til at det er venta at det skal komme ein felles rettleiar for dette arbeidet. Det er semje om at arbeidsgruppa skal sjå til denne rettleiaren når den føreligg. Arbeidsgruppa held fram med arbeidet og det er venta at det skal føreliggja forslag til ny avtale ila 2018.</p> <p><b>Vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for NH tar informasjonen til orientering</p>
8/18	<p><b>Orientering om strategi lindrende behandling og iverksettelse av tiltak innen fagområdet (handlingsplanen) v/ Ann-Kristin Øren</b></p> <p>Saka utgår p.g.a. sjukdom.</p>
9/18	<p><b>Orientering om Pilot utvikling av samarbeidsstrukturen, prosjekt KS og HOD</b></p> <p>Utvalseleiar orienterte om tilbod frå KS og HOD der samarbeidsutvala i Helse Bergen føretaksområde er invitert til å delta i et pilotarbeid for utvikling av samarbeidsstrukturen.(Presentasjon som skildrar prosjektet er vedlagt i e-post)</p> <p><b>Vedtak:</b> SU NH er positiv til å delta i dette arbeidet.</p>
10/18	<p><b>LMS(Læring og meistring) - tilbodet i Nordhordland</b></p> <p>Prosjektleiar Bente Bø Taule orienterte om Lærings- og meistringstilbod som er etablert i Nordhordland. Fram til 2018 har dette vert organisert som eit interkommunalt prosjekt. Tilbodet er no på veg til å bli etablert som eit fast tilbod med kurspakkar to gongar årlig under temaet - <i>Friskliv og meistring</i>.</p> <p>Prosjektleiar viser til at det er ønske om å få til ei ordning der lege med spesialistkompetanse kan delta i undervisninga under tema der det er behov for meir spissa kompetanse.</p> <p>Det vart vist til at dette må formidlast til Cathrine Bjorvatn, leiar for LMS-Bergen og evt. takast opp med styret.</p> <p>Prosjektleiar viste også til at ved å legge kurstilbodet til ettermiddag/kveld så har dei nådd andre grupper og særleg då personar som er i arbeid eller går på skule. Dette er ikkje ei optimal løysing sidan folk ofte er trøtte etter ein lang arbeids-/skuledag, og dermed kanskje ikkje får full utteljing av kurstilbodet.</p> <p>Det vart stilt spørsmål ved korleis ein kan utvide tilbodet slik at personar kan delta på dagtid - utan å vera sjukemeldt? Er det mulig å gå i dialog med t.d. NAV om at kursdeltakar kan ha delvis sjukemelding? Prosjektleiar viser til at det er tatt kontakt med NAV lokalt, og at dei viser til at sidan dette ikkje er diagnosespesifikke kurs så er det ikkje mulig å få sjukemelding til å delta på kurs i arbeidstida.</p> <p>SU NH - vil be om at Lærings- og mestringsnettverket tar dette opp med NAV og etterspør løysingar som gjer det</p>

	<p>mulig å få fri frå arbeid til deltaking på kurs utan å få fråvær. Informasjon om lokale kurs blir publisert på kommunane sin heimesider og det er laga foldarar med informasjon som vert lagt ut på legekontor i kommunane. Det vart stilt spørsmål om det er mulighet for å legg ut informasjon om kommunale kurstilbod på nettsidene til Lærings- og meistringssenteret(LMS) i Bergen. Prosjektleiar bringer spørsmålet inn til leiar for LMS Bergen.</p> <p><b>Vedtak:</b> Status om Frisklivs- og meistringstilbod i NH vert tatt til orientering. Utvalet ber om at innspel til vidareutvikling av tilbodet vert meldt inn til leiar for LMS-Bergen, Cathrine Bjorvatn.</p>
11/18	<p><b>Toppleiarmøte</b> Saka vart utsett til neste møte. Leiar tar kontakt med leiar for SU Bergensregionen for å avklare arrangør for Toppleiarmøte 2019.</p>
12/18	<p><b>Val av leiar og nestleiar for samarbeidsutvalet i Nordhordland - 2018 - 2020.</b> Det vart i møte fremja forslag om at Tord Moltumyr fortset som leiar for SU NH og at nestleiar bør vera frå ein av kommunane som ikkje skal inn i nye Alver kommune. Helga Ellingsen, Masfjorden vart føreslått som ny nestleiar i SU NH.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> Leiar: Tord Moltumyr Nestleiar: Helga Ellingsen</p>
13/18	<p><b>Val av ny representant i nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling</b> NH kommunar sin representant i styringsgruppa for Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling, Mette Fauskanger har slutta i si stilling i Radøy kommune og går dermed ut av denne styringsgruppa. Nina Kvamme, sektorleiar Osterøy har sagt seg villig til å vere Nordhordland sin representant i denne styringsgruppa.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SU NH støttar forslaget og utpeikar Nina Kvamme, sektorleiar Osterøy til å representera kommunane i Nordhordland i styringsgruppa for Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling.</p>
14/18	<p><b>Gjensidig orientering fra partane</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Anne Hildegunn Færøy gav ei kort orientering om at etablering av FACT team i Nordhordland er planlagt og at blir søkt om statlege midlar til dette. Det er under utarbeiding avtalar om samarbeid mellom kommunane i NH og med Bjørgvin DPS. Dette kan bli nærare orientert om i neste møte.</li> <li>- Gunn Glimsdal orienterte om Samhandlingsseminar som blir arrangert i regi av HDS 21.mars. Invitasjon er sendt ut til alle aktuelle partar og vert lagt ved referat.</li> </ul>
15/18	<p><b>Referat frå underutval</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>UFAB</b> - ikkje hatt møte sidan sist</li> <li>- <b>DPS rådet i NH</b> - referat frå sist møte 16.02 er ikkje mottatt.</li> <li>- <b>Medisinsk faglig utval</b> - referat frå møte 10.januar, vedlagt.</li> </ul> <p>Det vart vist til sak 3 og det som står om overføring av oppgåver frå sjukehus til kommune som ikkje er avtala. SU NH vil ha referatført at dei har merka seg at denne problemstillinga er tatt opp som tema i Medisinsk fagleg utval og t dei har peika på at vi har ein samarbeidsavtale som ikkje vert fylgt.</p>
16/18	<p><b>Eventuelt</b></p> <p><b>a. Behov for gjennomgang av felles avtalestruktur - sak innmeldt frå kommunane.(jf. innspel under sak 4/18 )</b> <b>Samrøystes vedtak:</b> Samarbeidsutvalet for Nordhordland(SU NH) ber samarbeidssekretariatet starta prosess for å førebu eit arbeid med gjennomgang av avtalestrukturen og at dette blir prioritert i 2019. SU NH ber om at sak om dette vert førelagt alle samarbeidsutvala ila 2018.</p> <p><b>b. Avviksmeldingar</b> Samhandlingssjef HDS viser til rutinar for bruk av avviksmeldingar mellom kommunar og sjukehus, og ber om at avvik blir sendt inn fortløpande - ikkje slik det har vert til no at det blir samla opp og sendt inn ein eller to gangangar pr. år. Ber alle representantar melde dette tilbake til sine respektive kommunar. Dette blir sak i neste SU møte.</p> <p><b>c. Bergen Legevakt</b> Ernst Horgen viser til endringar i leiinga ved Bergen Legevakt og endra oppgåvedeling mellom den kommunale legevakta og Helse Bergen. Bergen Legevakt er ein viktig samarbeidsaktør for kommunane i NH og kommunane ber om å få ei orientering om endringar ved Bergen Legevakt i neste SU møte.</p>